

K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

Desember 1996

50. årg.



Ho held i sine hender

Ho held i sine hender
jordi sin største skatt:
Barnet, Guds son, vår frelsar,
som føddest julenatt.

Som Jesu mor - Maria -
og gamle Simeon
me også vil Barnet famna.
Då eig me ei evig von.

Den skatt er tenkt til alle,
verdi si klåre sol.
Når ho i vår sjel får skina,
då får me ei signa jol.

Trygve Bjerkrheim

LES I JULE- NUMMERET!

Julehelsing frå biskop
Hagesæther
Side 3

Julehelsing frå Bård Egil Dyrhol
Side 4

Bilete frå konfirmantjubileum
Side 5 og 6

Helsing frå konfirmantjubilant
Stamnes
Side 7

Jul på Stanghelle på 1920-talet
Side 8 og 9

Barne- og ungdomsstoff
Side 10 og 11

Prolog til Dale kyrkje
Side 12

Nytt format

Etter ei tids diskusjon har Kyrkjeleg fellesråd vedteke at me frå 1997 skal auka formatet på kyrkjebladet til A4-format. Dette for å gjera det lettare å kunne ha annonser i bladet der storleiken meir samsvarar med andre media og for å gjera redigering spesielt av bilet lettare.

Jubileum

I 1997 er det 50 år sidan kyrkjeblad for Vaksdal byrja å koma ut. Den gongen heitte det nok noko anna. Me låg den gongen under Bruvik. Redaksjonen er takksam dersom nokon har eldre årgangar av bladet som me kunne få låna og skriva litt om kva som stod i bladet den gongen. Send i tilfelle blada til redaktøren snarast.

God jul

Sidan dette er siste bladet for 1996 vil me nyitta høvet til å takka for fylgjet og ynskja alle lesarane ei velsigna julehelg og eit fredfullt nyttår. Måtte me la hovudpersonen, Jesus, få rette plassen i vår julefeiring.

Ragnvald Kringlebotten



STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 13. januar 1997.

Bladet kjem ut i veke 6 som byrjar med 3. februar.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Adr. Boks 113, 5280 Dalekvam

Vitjingsadr. Fabrikkvegen, Dale

Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag
kl. 09-13

Tlf. 56 59 61 20

Soknepr. Frode Kvamsøe 56 59 73 15,
privat

Kappelan Bård Egil Dyrhol 56 59 70 88
privat og kontor

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr. 60,-

Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.

"Hvor hører du vel hjemme?"

Det var først langt ut i juletrefesten vi fekk stille det spørsmålet der eg vaks opp. Først var det julesalme, så var det julesongane og så var det "avdeling for lettare songar". Og her høyrde dette spørsmålet til: "Hvor hører du vel hjemme?"

Svara var, som de vil hugse, nokså mangeara: Trampeland var jo eit forslag som blei føretrekt. Hinkelands var også ein fulltreffar. Det blei mykje artig virvar. -Og så var julefesten slutt.

Men vel heimkomen, har spørsmålet vore hos meg. I eit juleselskap blei faktisk dette spørsmålet utgangspunktet for ei veldig alvorleg samtale.

Den eine etter den andre sa at han ikkje riktig visste å svare. I det ytre var svaret greit nok. Norsk pass og lokale tilhørsle. Men samtales dreia seg etter kvart mot det personlege livssynten: Som tilhøyrande i Den norske kyrkja. Som barnedøypt og med akseptabel karakter i kristendomskunnskap frå folkeskulen. Når det kjem til stykket: KVAR HØYRER DU VEL EIGENTLEG HEIME?

Eg har alltid likt å trampe og hinke rundt julereet. Men gjennom livet må ein finne eit stødigare ganglag. Livet må ha retning og mål. Skal det bli samanheng i alle enkeltavgjerdene, så må ein ta livsval om religiøs tilhørsle.

Som julegjest i kyrkjelydsblaða er utfordringa til døypte kyrkjefolk endå meir presis: Slepp julebodskapen tett inn på deg med heilt personleg adresse: I DAG ER DET FØDD DEG EIN FRELSAR. GI HAN ROM OG HERREDØME I LIVET.

Ole D. Hagesæther
biskop



Biskop Hagesæther
Fotograf: Sjøvoll

Midt i julen står Jesus

Midt i julen står Jesus.
Han vil gjerne være din gjest.
Så byd ham i heimen velkommen.
Da julen blir festenes fest.

Midt i julen står Jesus.
Så byd ham i hjertet ditt inn.
Først da flommer freden og fryden
og fylden i sjelen din inn.

Midt i julen står Jesus.
Hvor stort at han ennå der står!
Han himmelens rikdom vil gi deg,
og sist på den evige vår.

Trygve Bjerkheim

Den gong jula vart kristna

Faktisk kan det i år vere 2000 år sidan Jesus vart fødd. I allefall tyder dei historiske kjelde- ne på at kong Herodes døydde i år 4 før Kristus (f.kr.). Nøyaktig kva for eit år Jesus vart fødd veit vi ikkje. Evangelia seier ikkje noko sikkert om det. Men det mest sannsynlige er mellom 8 og 4 år f.kr.

Vi kan også vere ganske sikre på at Jesus ikkje har fødselsdag den 25. september. Den gresk-ortodokse kyrkja feirar Jesu fødsel den 6. januar. På same vis som vi ikkje veir kva år Jesus vart fødd, så veit vi heller ikkje kva dato han har bursdag.

Kvifor feirar vi då 25. desember?

Her har vi faktisk å gjere med ein av dei store genistrekane i kristendomen si historie. Mens påske og pinse var høgtider med jødiske røter, så var jula eigentleg ein heidensk fest. I det gamle Romarriket feira ein vintersolverv på 25. desember, og keisar Aurelian innførte i år 249 etter Kristus (e.kr.) ei feiring for den "beseirede sol". På den gamle midtvinterfesten hylla ein sola som gudommeleg. Også her nord feira ein midtvintersblot, og ofra til dei gamle gudane i jula. Ein skulle tru ut i frå denne bakgrunn at dei kristne ville ta heilt avstand frå og forkaste midtvinterfesten. Men det gjorde dei ikkje. Istaden klarte dei faktisk å kristne denne gamle heidenske festen. Det gjorde dei ved å hevde at sola som lyser på himmelen ho peikar på Han som er Lyset for verda (Joh. 8,12).

Dei kristne vedkjente seg til Kristus som verda sitt lys og sol. Ein viste til Jesu ord om at han var Lyset for verda og til Sakarjas lovsong der det lyder slik: "Så skal ljuset frå det høge gjesta oss som ein solrenning og skina for dei som bur i mørker og dødsskygge, og styra føtene våre inn påfreds veg." (Luk. 1, 78-79).

Slik vart det altså at dei kristne på 300-talet etter Kristus begynte å feire Jesu fødselsdag nettopp den 25. desember som var den gamle solfesten. Heretter var det Kristus som var sola som lyste og varma i verda. No var det Kristus som var verda sitt lys vi skulle hylle.

Eg ynskjer dykk alle ei velsigna julehøgtid.

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

I en natt

I en natt så klar og kald
av en ung og tapper mor
i en krybbe i en stall
fødtes håpet til vår jord.

Så umerkelig - så stille
byens gater helt forlatt
ingen opptog for den lille
lyset kom en vinternatt.

Gjeterne satt rundt sin grue
skremtes opp av lys og lyd
himlen stod i veldig lue
engler sang om fred og fryd.

Ikke frykt - vær ikke redde
Gud er kommet til vår jord
nå i natt var det det skjedde
gå til barnet og hans mor.

I det stille til de små
bringer Jesus håp og fred
og han kommer da som nå
fra sin himmel til oss ned.

Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom
evig er han her til stede
nå står grav og krybbe tom.

Bjørn Eidsvåg



60-års konfirmantar Dale:

Frå v. bak: Helge Dale, Oskar Karl Martin Søvik, Ingebrikt Hesjedal, Henrik Breistein, og Erling Sigurdson. Midten fv.: Kitty Utskott, Martha Skjerven, Borghild Faugstad Olsnes, Signe Helle, Gunvor Øvstun Kasa og sokneprest Frode Kvamsøe. **Framme fv.:** Mary Rasmussen Lilletvedt, Kristi Stokke Fosse, Karolina Kindem Solberg, Martha Helle Mykkeltvedt og Olly Milde Kvamme.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



50-års konfirmantar Dale:

Frå v. bak: Aagnar Vatle, Bjarne Verpelstad, Erling Mikkelsen, Per Berg og Odd Langhelle. **Midten fv.:** Randi Øvstun Taule Myhre, Elbjørg Johanne Ervik Spangelo, Astrid Seim Hesjedal, Laila Vaksdal Dalseide, Johanne Dalseid, Martha Lie Olsnes og sokneprest Frode Kvamsøe. **Framme fv.:** Olaug Maria Alvheim Erdal, Aslaug Johanna Mikkelsen Kvamme og Anne-Marie Stavenes Børings.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



50-års konfirmantar Vaksdal:

Bak fv.: Reidar Ulevik, Reidar Bruvik, Edvard Melcher, Jørgen Furubotn og Johannes Skulstad.
Framme fv.: Kjellaug Boge Olsnes, Lilly Høisæter Lone, Gudrun Olsnes Larsen, Solveig Sæterdal Torkildsen og Mally Bruvik Hågenvik.

Foto: Bjørn Knutsen



Kjartan Gullbrå intervjuar både gamle og nye konfirmantar ved 50-års jubileet på Stamnes 28. september.

Foto: Anne Margrethe Eikefet

Konfirmantfest på Stamnes

Frå Audun Øvreås i Holmedal har me fått dette stykket om konfirmantfesten på Stamnes 28. september. Far til Audun var lærar i Vik.

Så var me endeleg i veg , kona mi og eg . Eg hadde gledd meg til denne dagen. Biljhula trilla fort, og kilometrane vart raskt til miler. Etter nokre timars kjøring dukka kjende børar og hus opp, og då var me heilt framme. Men stopp! Det nytta ikkje å kjøra opp den bratte vegen me gjekk for 50 år sidan. Me måtte lengre ut, og der gjekk bilvegen i ein fin sving opp til kyrkja.

Ved kyrkja vart me ynskt velkomne og vist inn i eit triveleg rom, sakrestiet. Og der sat det nokre eldre personar. Det kunne ikkje vera.... Jau, visst var det også 50-års jubilantar. Handtrykka var faste og smilane store. Nei, det var nok uråd å kjenna alle, men nokon drog ein kjensel på.

Praten fekk gå livleg ein halv times tid. Så fekk me koma inn i sjølve kyrkja. Du så høgtids- samt det var å stå der att, og få sjå. Dei var der! Galleriet, veggene, taket, benkene, preikestolen og ikkje minst altertavla. Velstelt og vakkert alt saman. Eg måtte gå litt på kyrkje-golv. Finna ut.... Jau, det var omlag her eg stod for 50 år sidan. Ein ajugneblink var eg borte. Eg "høyrd" presten seiia: "Kom fram til Herrens alter" Og litt seinare: Eit lett handtrykk på hovudet: "Han sjølv fredens Gud, helga deg heilt ut" - Det var over. Takk for den gode dagen, og den djupe freden!

Fest


Medjubilantane mine er på veg ut or kyrkja, så eg må berre riva meg laus og fylgja etter. Festen skal taka til i "Soknestova". Nei det er ikkje same huset som stod der for 50 år sidan. Det er eit stort og moderne bedehus. Her er det fullt av festkledde menneske. Me jubilantane samlar oss rundt eit par bord. Me vert ynskt velkommen på høvisk vis, og så er festen i gang.

Den eine programposten avløyser den andre, og snart har tre og ein halv time passert.

Me har hatt rikeleg mosjon for smilebanda. Hjernecellene har fått trim i form av bord-konkurranse, og magen mel godt etter eit herleg måltid.

Så er presten kome på talarstolen. Han minner oss om Matt. 6, 19-21. Ein skatt i himmelen. Dei ævelege verdiane. Du er rik om du eig dei. Hjå Jesus får du del i alle desse verdiane.

Ein vellukka fest er over. Hjarteleg takk til alle dykk som hadde streva og stelt til denne festen. Noko slitne var de nok, men de bør vera ikkje så lite glade og fegne når det tenkjer på kor mykje de fekk gleda oss jubilantar.



Konfirmantar på Eidsland 96-97 Iselin Jaren Gullbrå tv og Guro Eide Lode saman med Frode Kvamsøe.

Foto: Anne Margrethe Eikefet

Jul på Stanghelle

Kyrkjebladet har teke ein prat med Sigrid Stanghelle og Margit Fyllingslid for å høyra litt om korleis det var å feira jul på Stanghelle i 1920-åra.

Margit og Sigrid fortel at huset på garden deira først stod omlag der butikken står i dag.

I 1910 vart det så utskifting med dei andre brukta og far vår rydda ny gard inne i Lågaskaret der det tidlegare var felles utmark. Vårt bruk fekk då mest, fortel Sigrid. -Faren vår vart kalla "Lågaskaren", sidan han busette seg i Lågaskaret, seier Margit.

Forutan faren, Johannes f. 1877 og mora Brita f. 1886, bestod familien den gongen berre av broren Nils fødd i 1909. Sidan kom Margit (1911), Anders (1914), Sigrid (1917), Birger (1920) og Arvid (1928).

-På garden hadde me kyr, sauer, hest, høns og gris. Far vår, Johannes, grøfta 1500 meter med grøft for hand og dyrka opp mykje mark. For dette vart han heidra med medalje og diplom frå Landbrukselskapet.

Førebuingar til jul

Etter desse innleide ord om garden er det tid for å snakka litt om førebuingane.

-Kva tid tok de til å tenkja på jula?

-Når det gjeld slakting tok det i til i november, desember. Då laga me syltflesk, rullepølse, pinnekjøt og lutefisk. Dette var ikkje vanleg kost, til kvarlags var det mest vanleg fisk.

Elles bakte me lefse og julebrød. Småkaker kom først når me fekk elektrisk komfyre. Straum fekk me nyttårstafta 1923, slik at jula 1924 var den første med straum. Før 1924 var det oljelampar som sytte for lys. Bakinga var ferdig ei veke før jul med unntak av julebrøda som vart baka vesle julafta, fortel Sigrid og Margit.

Kler

-Mor Brita sydde kjolar til oss jentene og bukser, jakker og skjorter til gutane. Det var helst til jul me fekk nye kler. Då fekk me også nye strikka sokkar, seier Sigrid.

-Det vart lange arbeidsdagar om hausten når kleda skulle gjerast ferdige. Symaskina, ein gammal "Grover Bakker", høyrdet me dura til langt på kveld, fortel Margit.

Husvask

-Husvasken tok til tre dagar før jul. Først skulle ovnen sotast og pussast og så var det å gå laus på husvasken. Tak og vegger var trekvite og dei skulle skurast. Golvet var malt og skulle såleis berre vaskast. Alle gardiner og dukar skulle vaskast, strykast og stivast. Kaffikjelen som var av kobbar skulle også pussast og likeeins dørklinkene som var av messing. Alt skulle skina reint til jul.

Julehandel

-Eit par dagar før jul var far til Dale og handla inn til jul. Då kjøpte han julegåver, mat og frukt. Han handla fast hjå K. Seim. Til jul fekk han provisjon for fast handel i form av ein pose med appelsiner, eple og nøter. Når han skulle handla rodde han til Dalebryggja og gjekk vidare til Dale med sekk på ryggen.

Julafta

-Julafta var ein vanleg dag om føremiddagen og me fekk risengrynsgraut midt på dagen.

Etter at me hadde bada om ettermiddagen var tida komen til å ta på seg nye kler og så vart juletreet pynta. Far stelte i fjosen julafta medan mor laga til middag. Før far kom inn hengde han ut julenek.

Då han kom inn var bordet pynta med kvinduk og blanke ljosestakar. Far las så juleevangeliet og me song alltid "Mitt hjerte alltid vanker" før me åt, seier Margit og Sigrid. Besteforeldra Sigrid og Nils var alltid med oss til middag julafta.

Etter middag gjekk me alltid rundt juletreet før me fekk gåver. Frå tante Brita fekk me leiker, og nyttige ting frå far og mor. Sigrid gløymar aldri den jula ho fekk ei sovedokke, som ho var veldig glad i.

Julafta vart så avslutta med prat og eting av frukt og nøter.

Juledag

Juledagsmorgen fekk mat på senga, det var julebrød med mellom anna egg på.

Juledag var det møte på gamleskulen som stod omlag der barnehagen står i dag. Det var Haldor Stanghelle, far til Nils, som stod for møtet og talte. Etter på bar det heim til julemiddag. Juledag var me heime hjå oss sjølv der tida gjekk med til å sjå på det me hadde fått og lesa i julehefte.

2. juledag

Nå var tida komen for å gå på vitjing til kvarandre. Den eine dagen gjekk me i besøk og neste dag fekk me vitjing. Då vanka det godt og det var gang rundt juletreet. Tante Brita var flink til å læra oss juleleikar.

Julefesten i romjula var på skulehuset. Haldor Stanghelle var primus motor. Der var det juletregang og skjever med godt pålegg og kakao. Haldor sende alltid barna til bords først. Huset var alltid fullt og folka kom frå Helle, Fossmark, Stanghelle, Hesjedal og andre smågardar på Osterøy.

Så står det berre att å takka Margit og Sigrid for praten og ynskja dei ei god og velsigna julehelg og eit godt nyttår.

R.K.



Sigrid Stanghelle t.v. og Margit Fyllingslid minnast jul i gamle dagar. Utan om dei er det berre yngste bror, Arvid, som lever att. Han bur på Mysen i Østfold.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Biletet nedanfor frå august 1928 syner frå venstre bak, Anders, Margit og Nils. Framme f.v. Birger, far Johannes, mor Brita og Sigrid. Minste mann Arvid var berre omlag ein månad og var ikkje med på fotoet.



**Aktivetsoppgåve for deg frå
12 - 15 år:**

Evangeliet gjeld alle!

Av og til kan dei norske juletradisjonane våre verta litt for norske.

Kanskje er det lett å gløyma at julebodska-
pen gjeld også tenåringar utanfor Noregs- og
Europas grenser. Her er ein idé du kan utføra:

Få tak i ein stor papp-plakat. Finn fram gam-

le vekeblad og aviser. Klipp ut bilete av tenå-
ringar frå andre land og verdsdelar. Lim dei sa-
man til ein collage. Bruk fantasien. Øvst kan
du skriva med brei tusj - eller mala med akva-
rellfargar:

**"Men engelen sa til dei: Ver ikkje redde!
Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede
som skal timast alt folket. I dag er det fødd
dykk ein frelsar i Davids by, han er Kristus,
Herren". Lukas 2, 10-11.**

Plakaten kan du hengja opp på baksida av
døra på rommet ditt. Så ser du den kvar gong
du let att døra.

KPK

Gåte frå Johannes

Apostelen Johannes skreiv ikkje berre Johannes evangelium. I det nye testamente finn me også Johannes openberring og tre brev som denne apostelen har skrive.

I første brev, kapittel 1 finn du det bibelordet

som står under. Du tykkjer kanskje det ser litt rart ut. Det er fordi det er kome inn ein "a" mellom kvar bokstav inni kvart ord i bibelver-
set, og så står det "ams" mellom orda. Dersom du stryk ut alt som er for mykje, finn du ei fin Johannes-helsing.

KPK

Maeanamsdaearasaoamamsvaiamsfaearadaaasatamsiamslajaoasaeatamslaiakasaoamamshaaanam
searamsiamslajaoasaeatamsdaāamshaaaramsviamssaaamafauananamsmaeadamskavaaaaanad
araeamssoagamsJaeasauamshaaanasamsSaoanasamsbaloadamsraeaianasaaaaramsoasasamsfaoa
ramsaalalamssayanad.



Hei tenåring: For tanke og tru i romjula: Smarte krabbar!

Forskarar ved universitetet i Bielefeld i Tyskland har oppdagat ein fantastisk eigenskap hos krabbane. Dei ordnar med vasspyttane der dei legg eggna slik at miljøet vert best mogeleg for ungane.

Krabbemødrane tar bort rotne plantedelar frå vatnet så oksygeninnhaldet stabiliserer seg på 33,5 prosent, eit ideelt nivå.

Men ikkje berre oksygeninnhaldet kjem på rett nivå. Krabbemødrane ordnar med at også kalkinnhaldet vert slik det skal. Og for å oppnå det, hentar krabbane sniglehus og legg dei i vatnet. Då aukar kalkmengda til det dobbelte. Utan det hadde ikkje ungane klart seg.

Så kan du undra deg litt over dette instiktet eller intelligensen. Er det mogeleg for krabba-
ne å finna ut dette sjølv? Dersom ja, kor mange forsøk trengte dei for å lukkast? Og kor mange generasjonar gjekk tapt før dei greidde eksperi-
mentet? Det vil seia, gjekk generasjonar tapt,
hadde ungane døydd, og med det alle krabba-
ne.

Men dei var smartare enn som så!

"Og Gud såg at det var godt", står det fleire stader i Første Mosebok, kapittel 1.

KPK



KKLs Dataklubb - for foreldre og barn

PC er etter kvart vorte vanleg i mange norske heimar - men kunnskapen om bruk og tilbodet av gode program varierer sterkt. Ofte er det barna i huset som er ekspertane på bruk at maskinane og mange foreldre føler trong for oppdatering og kunnskap om data. Difor har **Kristeleg Kringkastingslag (KKL)** starta ein dataklubb som vil vera eit seriøst og godt alternativ med klår kristen og kvalitetsbevisst profil.

KKLs dataklubb tilbyr "**Datanytt**" seks gonger i året med mellom anna:

- Omtale av gode spel
- Informasjon om Internett
- Tips og hjelpe ved kjøp av utstyr
- Gratis spel og programvare med kvart nummer
- Konkurransar

Dataklubben har også ein eigen supporttelefon for sine medlemer.


Skriv eller ring til:

Kristeleg Kringkastingslag,

Storgata 10 B,

0155 OSLO

Tlf. 22 42 21 20 Faks.: 22 42 18 28



Prolog i høve hundreårsjubiléet for Dale som kyrkjestad

I eit hundreårs sekel har Dale vore kyrkjestad,
15. november 1896 var det nok mang ein som var glad.
Før var det Evanger, Stamnes og Bruvik som kalla til Herrens hus,
no kunne ein i Dale kyrkje få ordet og syngja til jublande orgelbrus.

Ein konge vitja nye kyrkja før vigslig var kome på huset,
sidan har ein stor konge halde si hand over huset og folket.
Jebsen trødde belgen, kong Oscar spela, godord kom frå kongens munn,
Jesus spelar på trua sine strenger og han kan gje oss sikker grunn.

Kyrkja på Dale har alltid stått midt i samfunnet, no endå høgre enn før.
generasjon på generasjon har gått gjennom Dale kyrkje si opne dør.
Den gamle stod i brekka, den nye står under høgreiste fjell og lier,
i gudshuset kan me verkeleg få møta Gud sine mangfaldige sider.

Biskop Hvoslef vigsla den første og biskop Indrebø tok seg av den andre,
arkitekturen og akustikken kan ein etter mine begrep slett ikkje klandre.
I den nye kyrkja brusar verkeleg orgelet like sterkt som i ein Niagarafoss,
minne frå gamle i bedehusa, på Dale Jesus og lammet, på Stanghelle ein kross.

Den sekstende mai 1911 då Dale eige sokn det endeleg vart,
tanken hadde mognast og staten sa at no var det endeleg klart.
Gamle kyrkja kalla inn til han som er vår frelsar den store,
nye kyrkja har ført vidare dette for oss velsignande ordet.

I nittenfemtiseks vart det ei omskifte i Dale vår kjære bygdeby,
Gamle kyrkja veik plass for ein murkyrkje, kvitmåla, fin og ny.
I førti år har klokken i den nye i fjellet gjeve malmtung lyd,
klokken kallar oss saman, til det heilage samfunn dei byd.

Sidan har stor og liten møtt gudsordet i kyrkja under Lia,
måtte endå fleire få dette høve i den framforliggjande tida.
Tek me vare på arven kristendommen gjennom åra har gjeve,
vil Jesus gje oss eit liv som det er verkeleg verdt å leve.

Så lat oss då hjarteleg jubla ved hundreårsfesten,
takken går til han som verkeleg er heidergjesten.
Jesus vår frelsar han som for oss ordna det slik,
at me alle har fått lovnad om Guds himmerik.

Stanghelle i november 1996
Ragnvald Kringlebotten



“Deilig er jorden...”



Da skjedde det som de lokale hjelpearbeiderne hadde sagt:

“I Zaire høres rop,
gråt og mye klaging:
Rakel gråter over sine barn,
hun vil ikke la seg trøste,
for de er ikke mere.”

«Da viste Herrens engel seg i en drøm for ham og sa:
«Stå opp, ta barnet og dets mor med deg og flykt. For
soldatene vil søke etter barnet for å slå det ihjel.»»

Det skjedde i Betlehem for 2000 år siden. Og det skjer idag.
Massakrer, krig, og grove brudd på menneskerettigheten.
Krig, med våpen fra land som sitter i FN-sikkerhetsråd...
Alltid er det de uskyldige som blir fanget i kryssilden, eller
skjøvet nedest på rangstigen. Men i vår tid får alle vite om
overgrepene og urettferdigheten, også før hendelsene skjer.
Hadde Jesus blitt født idag, hadde han fått massiv støtte.
Eller hadde han?

«Det dere ikke gjorde mot en av disse minste, har dere
heller ikke gjort mot meg» (Matt 25:45)

Gi en ekstra julegave til noen som virkelig
trenger det!

Ring 820 43 033 og gi kr 100
ELLER BRUK POST-/BANKGIRO 110

STØTT VÅRT ARBEID FOR
MENNESKERETTIGHETER,
FRED OG FORSONING.
DET NYTTER, SLIK SOM I MALI
OG GUATEMALA.

 KIRKENES
NØDHJELP
Sammen for
en rettferdig verden

**VI LEVERER
"HIMMELSK"
GOD MAT**
til alle anledningar.
Fritt levert etter avtale
Ta kontakt for pris m.m.



5273 Stanghelle
Tlf. 56 59 51 02

BIBEL FOR BARN

«Den nye barnebibelen er et funn – i høyeste grad for barna våre, men så absolutt også for oss foreldre. Spennende, konsist, fargerikt og vakkert illustrert. Anbefales varmt til fadderbarn.»

238,-

EINAR LUNDE,
programleder i Dagsrevyen

DÅPSGAVEN!

Du får den hos oss



PETERSEN & YPSØY AS

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER

5280 Dalekvam Telefon 56 59 61 58

LEIRAR

NMS - KVAMSETTER

Nyttårsleir 29. des. - 1. jan (97)
alder: 16 år og eldre.

Skiweekend 21. 25. feb. 97
alder: 13 - 18 år.

Nettverksleir 27. feb. - 2. mars 97
alder: 18 år og eldre.

Horisontleir i påska 21. - 24. mars
alder: 4. - 7. klasse

Påskeleir for familiar 26. - 30. mars

Påmelding til: Bergen Krins av
Det Norske Misjonsselskap,
Vestre Muralsmenning 15, 5011 Bergen.
Tlf. 55 31 00 61 Fax. 55 31 08 06

NYTTÅRSLEIR PÅ FAGERTUN I EKSINGEDELEN.

Tid: 28. des. - 1. jan. (97).

Alder: 8. klasse eller eldre.

Påmelding til:

Norges Samemisjon,
Bergen krets,
Sparebankgt. 4a,
5017 Bergen.

INNAN FREDAG 13. DES



Når ein skal på leir er det godt å ha noko solid å pakka i.

Utgjevingar 1997

Veke 6	Fastenummer, feb.
Veke 12	Påskenummer, mars
Veke 20	Pinsenummer, mai
veke 27	Sommarrn., juni
Veke 36	Haustnr. sept.
Veke 42	Haustnr., okt.
Veke 52	Julenummer, des.

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

20.10 Stian Zuliani
20.10 Kristine Tansø Hovind
03.11 Harald Hauge
17.11 Vårin Dyvik Gullbrå
17.11 Vilde Ragnvaldsen

NESHEIM

20.11 Bjarte Gullbrå

VAKSDAL

20.10 Inger-Thorunn Sandboe
20.10 Jarle Helle
17.11 Sondre Bru



KYRKJESTADEN

DALE 100 ÅR


Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletststoff både i svart/kvitt og i fargar og er til sals for:

kr.150,-

**hjå Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.**

Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam. Tlf. 56 59 61 20




AVLIDNE

DALE

22.10 Edith Hop Colban, f. 1921
02.11 Håkon Malvin Rolland, f.1917
03.11 Åsmund Arne, f.1915

VAKSDAL

16.10 Anny Konstance Lund Vaksdal f. 1922
20.10 Borghild Fjellanger
13.11 Aagot Hermundsdal f. 1904
15.11 Olga Vassdal f. 1921



...at me må læra å
telja våre dagar, så me
kan få visdom i hjarta.

B

Returadresse:
Øystese Trykkeri a.s.
5610 Øystese

VELKOMEN TIL KYRKJE



Fredag 13.desember

VAKSDAL kl.19. Julekonsert.

Laurdag 14.desember

NESHEIM kl.16. Lysmesse. Dyrhol.
STAMNES kl.17. Lysmesse/konsert.
Kvamsøe.

15.desember - 3.søndag i advent

VAKSDAL kl.11. Dyrhol. Nattverd.
Speidarane deltek.
EIDSLAND kl.11. Fam.gudst. Kvamsøe.
Offer til Kirkens Nødhjelp.
DALE kl.18. Konsert med trioen
"Tonetindar"

24.desember - Julaftan

NESHEIM kl. 12. Fam.gudst. Dyrhol. offer
til Det norske Misjonsselskap - Bergen krets.
STAMNES kl. 13.30 Fam.gudst. Kvamsøe.
Offer til Kirkens Nødhjelp
DALE kl. 15. Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til
Det norske Misjonsselskap. Song av barne-
koret Regnbuen.
DALE Kl. 16. Julaftangudst. Kvamsøe.
Offer til Det norske Misjonsselskap
EIDSLAND kl. 16. Vi syng jula inn

25. desember - 1. juledag

DALE kl. 11. Høgtidsgudst. Dyrhol. Offer til
Kirkens Bymisjon. Song av Dale Mannskor.

VAKSDAL kl. 11. Høgtidsgudst. Kvamsøe.
Offer til Det norske Misjonsselskap.

26. desember - 2. juledag

STAMNES kl. 11. Høgtidsgudst. Dyrhol.
Nattv. Offer til AAN. Rådgivningskontor for
gravide.
BERGSDALEN kl. 11. Høgtidsgudst.
Kvamsøe. Nattv. Offer til Norsk Misjon i Øst

31. desember - Nyårsaftan

VAKSDAL kl. 23.15 Dyrhol
STAMNES KL. 23.15 Kvamsøe

1. januar - Nyårsdag

DALE kl. 11. Dyrhol. Nattv.

5. januar - Kristi openberringsdag

VAKSDAL kl. 11. Dyrhol. Nattv.
EKSINGEDELEN kl. 11. Kvamsøe. Nattv.

12. januar - 1. s.e. Kr.openberringsdag

DALE kl. 11. Vikar
STAMNES kl. 11. Dyrhol. Nattv.

19. januar - Vingardssøndagen

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe
STAMNES kl. 17. Dyrhol. Nattv.

26. januar - Såmannssøndagen

EIDSLAND kl.11. Kvamsøe. Nattv.
DALE kl. 17. Fam.gudst. Dyrhol. Utdeling
av GODT NYTT til 4. kl.

2. februar - Kristi forklæringsdag

NESHEIM kl.11. Kvamsøe. Nattv.
VAKSDAL kl. 17. Fam.gudst. Kvamsøe.
Utdeling av GODT NYTT til 4.kl.

9. februar - Søndag før faste

DALE kl. 11. Kvamsøe. Nattv.
STAMNES kl.17. Fam.gudst. Dyrhol.
Utdelinga av GODT NYTT til 4.kl.